



Kviteseid kommune – Nissedal kommune
Interkommunalt Landbrukskontor



Landbruks- og matdepartementet

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref:
-20

Saksbeh:
Peter Rieber-Mohn,
peter.riber-
mohn@kviteseid.kommune.no

Arkivkode:
V00

Dato:
21.01.2014

Særutskrift: Høringsuttale til forslaget om å oppheve "priskontrollen" i konsesjonsloven.

Her følger særutskrift av Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift si sak nr. 5/14.

Rett utskrift

Peter Rieber-Mohn
Peter Rieber-Mohn
landbruksrådgjevar



Kviteseid kommune

Arkiv: V00
 Saksmappe: 2013/12-19
 Sakshand.: Peter Rieber-Mohn
 Dato: 09.01.2014

Saksframlegg

Utval	Utlvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift	5/14	21.01.2014

K - Høringsuttale til forslaget om å oppheve føresegna om "priskontroll" i konsesjonsloven.

Vedlegg:

- 1 Høringsbrevet datert 4.12.2013 og høringsnotatet frå LMD

Faktiske tilhøve:

Høringsbrevet og høringsnotatet er sendt ut som vedlegg til saka.

Dei to kommunane Nissedal og Kviteseid i Vest-Telemark, som har felles landbrukskontor, har i følge skogavgiftsrekneskapen 655 landbrukseigedomar. Ved søknadsomgangen august 2013 hadde vi 97 føretak som søkte om produksjonstilskot. I 2013 hadde vi 8 konsesjonssaker i dei to kommunane. To av desse sakene var omfatta av priskontrollen.

Vurdering:

Høringsnotatet side 5 fortel at ordninga med priskontroll har blitt vurdert i fleire samanhengar, og at eit fleirtal i Næringskomiteen så seint som i 2009 la til grunn at det er viktig å halde fast på at bruksverdien til landbruksformål og kostnadsnivået for landbruksbygg skal danne grunnlaget for prissetting. Det er tankevekkande at det i høringsnotatet ikkje blir peika på eller drøfta ein einaste mogleg negativ konsekvens av å oppheve priskontrollen. Vi meiner at høringsnotatet tek for lettvindt på dette og framstiller konsekvensane for positivt.

Argumenta for å oppheve priskontrollen er drøfta i høringsnotatet punkt 5.3 – 5.8. Vi har fleire innvendingar:

5.3 Styrke eigedomsretten

Her gir departementet ein ny definisjon av kva som er ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling på landbrukseigedomar. Det er den prisen marknaden er villig til å betale.

I våre to kommunar hører det skog og utmark med jakt- og fiskerettar til ein stor del av eigedomane. Dette gjer at mange er interessert i å overta landbrukseigedomar til fritidsformål. I

mange tilfelle vil derfor marknadsprisen vere vesentleg høgare enn bruks- og kostnadsverdien. Dette kan vere ein fordel for dei som eig og for dei som vil kjøpe til anna enn landbruksformål, men vi meiner at priskontrollen er ei god og nødvendig ordning for dei som vil kjøpe for å ha yrket sitt i landbruket. Vi trur også at priskontrollen påverkar prisnivået i dei eigedomsoverdragane som fell utanfor priskontrollen.

5.4 Priskontrollen verkar hemmande på omsetninga av landbrukseigedomar

Oppheving av priskontrollen kan truleg føre til auka omsetning, slik det blir hevda. Når det gjeld rekruttering og investering, så er og bør dette først og fremst vere avhengig av lønsemda i næringa. Ein høg inngangsbillett, som ikkje er bestemt av bruksverdien av areala og verdien av bygningsmassen, kan i mange tilfelle føre til høgare rentekrav og dermed dårlegare lønsemd. Dette kan tvert i mot redusere rekrutteringa og investeringslysten i næringa.

5.5 Auke investeringslysten

Vi meiner at dei gjeldande verdsettingsprinsippa, bruksverdi og kostnadsverdi, sikrar at ein får igjen restverdien av investeringane ved eit sal. Kjøp til andre formål enn landbruk kan gi høgare pris dersom priskontrollen blir oppheva. Fritidsformål er nemnt. Samanliknar ein med bustadmarknaden er spekulasjon eit anna relevant formål. Dette vil vere til fordel for eigedomsmeklarane og dei som skal ut av landbruksnæringa, men ei ulempe for dei som skal inn. Det kan også gjere det vanskelegare å investere pga redusert lønsemd.

5.6 Rekruttering og leigejord

Det er sannsynleg at oppheving av priskontrollen vil gjere det lettare å få kjøpt leigejord, men gjere det vanskelegare for aktive landbruksinteresserte å kome inn i næringa pga høgare prislapp.

5.7. Nytte og krav

Etter vår erfaring er talet på saker der priskontroll er aktuelt, så lite at oppheving ikkje vil ha vesentleg verknad for det samla arbeidskravet i den kommunale landbruksforvaltinga. Det same gjeld spørsmål om høgaste pris ved tvangssal.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet i Nissedal kommune har vurdert høringsnotatet frå Landbruksdepartementet . Vi trur at det er viktig for landbruksnæringa og for produksjonen av mat på grunnlag av våre eigne arealressursar å halde fast på at bruksverdien til landbruksformål og kostnadsnivået for landbruksbygg skal danne grunnlaget for prissetting. Vi rår frå at priskontrollen i konsesjonsloven blir oppheva.

Saksprotokoll i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift - 21.01.2014

Behandling i møtet:

Vedteke med 5 mot 2 røyster

Skrivefeil med Nissedal kommune i rådmannens tilråding vart retta opp

Vedtak:

Hovudutval for samfunnsutvikling og teknisk drift har vurdert høringsnotatet frå Landbruksdepartementet . Vi trur at det er viktig for landbruksnæringa og for produksjonen av mat på grunnlag av våre egne arealressursar å halde fast på at bruksverdien til landbruksformål og kostnadsnivået for landbruksbygg skal danne grunnlaget for prissetting. Vi rår frå at priskontrollen i konsesjonsloven blir oppheva.